

Consulting

Kommunereform Sunnfjord


Presentasjon av hovudkonklusjonar i rapport 1-3

Rapport 1: Storkommune - utfordringar og moglegheiter

Rapport 2: Politisk og administrativ organisering

Rapport 3: Analyse og kartlegging innan økonomi

15 april 2015



pwc



Telemarksforsking

Innhald


Kapittel	Tittel	Side
1	Bakgrunn	1
2	Utgreiing 1: Storkommune - utfordringar og moglegheiter	15
3	Utgreiing 2: Politisk og administrativ organisering	21
4	Utgreiing 3: Analyse og kartlegging innan økonomi	30

Kapittel 1

Bakgrunn

Føremålet med dette kapitlet er å gje ei overordna orientering om kommunane og dei fire alternativa for ny kommunestruktur

Kommunane som er med i utgreiinga




Alternativ


Storkommune	Askvoll, Flora, Førde, Gloppen, Fjaler, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal
SiS	Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal
Liten SiS	Førde, Gaular, Jølster og Naustdal
HAFS	Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund

Forventa folketalsutvikling

Folketal dei fire alternativa




Folketal per kommune




Folketal 2040 byggjer på framskrivingar frå SSB (Middels nasjonal vekst 4M)

¹Framskrivinga for Fjaler er truleg litt for høg som følgje av at elevane ved UWC vert rekna som innbyggjarar. Agenda Kaupang har på oppdrag for Fjaler kommune gjennomført ei alternativ framskriving som justerer for denne effekten. Folketalet vert i denne rapporten berekna til 3290 for 2039.


Folketalsutvikling Storkommune




- Det har vore sterkare vekst etter 2008.
- Veksten skuldast positiv fødselsbalanse, men mest høgare innvandring.
- Den innanlandske nettoflyttinga er negativ. Området taper innbyggjarar til andre stadar i Norge.
- Dei siste åra har innvandringa til området vore høgare enn innvandringa på landsbasis.




Folketalsutvikling SiS




- Det har vore ein jamn vekst i folketalet sidan 2000.
- Veksten har vore noko sterkare sidan 2008.
- Den innanlandske nettoflyttinga er negativ, men fødselsbalansen er positiv.
- Fødselsbalanse var litt høgare enn fødselsbalansen på landsbasis det siste året. Det er innvandringa som har bidrege mest til veksten i folketal. Dei siste åra har innvandringa til SiS vore høgare enn innvandringa nasjonalt.



Folketalsutvikling «Liten SiS»





- «Liten SiS» er prega av høg fødselsbalanse. Fødselsbalansen i området er høgare enn fødselsbalansen nasjonalt.
- Også «Liten SiS» taper innbyggjarar til andre stadar i Norge, men nettoinnvandringa er positiv. Det siste året var nettoinnvandringa litt høgare enn innvandringa nasjonalt.
- Innvandringa bidrar mest til folketalutviklinga. Før 2008 bidrog fødselsbalansen meir.



Folketalsutvikling HAFS

- Nedgangen i folketal skuldast i hovudsak innanlands fråflytting.
- Fødselsbalansen er negativ, og den har blitt meir negativ dei siste åra. Med unntak av nokre få periodar, har innvandringa vore positiv, men den er lågare enn innvandringa nasjonalt.
- HAFS taper dermed innbyggjarar på alle plan relativt til folketalsutviklinga i landet totalt sett.



Reiseavstandar Storkommune, SiS og liten SiS

		Til Førde...
Førde	Førde	-
	Farsund	7
	Haukedalen	35
	Angedalen	13
Flora	Florø	52
	Brandsøy	46
	Eikefjord	31
	Øyane i Florabasseng ¹	100
Naustdal	Naustdal	13
Gaular	Sande	23
	Viksdalen	42
	Bygstad	24
Jølster	Langhaugane	18
	Vassenden	21
	Skei	43
Hyllestad	Hyllestad	82

		Til Førde...
Fjaler	Dale	41
	Flekke	51
	Våge	72
	Guddal	50
Askvoll	Gjelsvik/ Selvik	34
	Atløy	89
	Askvoll	61
	Bulandet	130
Gloppen	Værlandet	121
	Sandane	79
	Byrkjelo	61
	Hyen (Straume)	64

Reiseavstandar i minutt mellom ulike tettstader i kommunane i utgreiinga. Kjelde: visveg.no

1) Det går båtruter til øyane i Florabassenget. Ein har lagt til grunn ei gjennomsnittleg reisetid på 45 min til Florø frå øyane.

Pendling - Storkommune

		Arbeidsstad										
		Flora	Hyllestad	Askvoll	Fjaler	Gaular	Jølster	Førde	Naustdal	Gloppen	Utanfor	Sysselsette
Bustad	Flora	81,6	0,0	0,0	0,1	0,0	0,0	5,7	0,4	0,3	11,8	6099
	Hyllestad	2,0	69,1	0,3	6,7	0,1	0,3	4,5	0,0	0,1	16,8	732
	Askvoll	1,1	1,1	68,6	2,8	1,0	0,3	12,3	0,2	0,1	12,6	1486
	Fjaler	0,8	4,1	1,8	73,6	1,2	0,1	7,6	0,1	0,0	10,7	1377
	Gaular	0,6	0,3	0,1	2,0	44,1	0,3	38,4	0,3	0,1	13,8	1564
	Jølster	1,1	0,0	0,1	0,1	0,8	49,7	35,3	0,1	2,7	10,1	1638
	Førde	1,7	0,1	0,2	0,7	2,0	1,2	82,5	1,2	0,3	10,1	7151
	Naustdal	5,2	0,2	0,0	0,8	0,6	0,6	46,4	34,5	0,4	11,4	1488
	Gloppen	0,9	0,0	0,1	0,1	0,2	2,0	3,5	0,0	78,9	14,3	3071

Gaular, Jølster og Naustdal er kommunar med mykje pendling. Dei andre kommunane har relativt lite pendling. Nesten 40 prosent av den sysselsette befolkninga i Gaular jobbar i Førde. Over 35 prosent av den sysselsette befolkninga i Jølster jobbar i Førde, og over 46 prosent av den sysselsette befolkninga i Naustdal jobbar i Førde.

Pendlinga inn til Gaular er størst frå Førde med 2 %, pendlinga inn til Jølster er størst frå Gloppen med 2 % og pendlinga inn til Naustdal er størst frå Førde med 1,2 %.

Frå alle kommunar i alternativet pendlar over 10 prosent til kommunar som ikkje er med i Storkommunealternativet.

Reiseavstandar og pendling HAFS

		Til Dale...
Fjaler	Dale	-
	Flekkje	9
	Våge	31
	Guddal	36
Askvoll	Gjelsvik/ Selvik	42
	Atløy	46
	Askvoll	23
	Værlandet	83
	Bulandet	92
Solund	Hardbakke	162
Hyllestad	Hyllestad	41

		Arbeidsstad					
		Solund	Hyllestad	Askvoll	Fjaler	Utanfor	Sysselsette
Bustad	Solund	77,9	0,5	0,0	2,3	19,4	434
	Hyllestad	0,1	69,1	0,3	6,7	23,8	732
	Askvoll	0,1	1,1	68,6	2,8	27,4	1 486
	Fjaler	0,0	4,1	1,8	73,6	20,5	1 377

Kommunane i dette alternativet er lite integrert med tanke på pendling. 6,7 prosent av den sysselsette befolkninga i Hyllestad jobbar i Fjaler, og 4,1 prosent av den sysselsette befolkninga i Fjaler jobbar i Hyllestad. Mange pendlar til ein kommune som ligg utanfor HAFS.

Arbeidsplassutvikling

Vi kategoriserer bransjane i næringslivet i fire ulike næringstypar, og vi ser nærare på arbeidsplassutviklingane innan desse næringstypane. I tillegg har vi sett på arbeidsplassutviklinga innan offentleg sektor.

Basisnæringane

- næringsliv som konkurrerer på eit nasjonalt eller internasjonalt marknad
- ofte rekna som «motoren» i økonomien
- det er ut ifrå basisnæringane mykje anna næringsverksemd vert skapt

Besøksnæringar

- næringsliv kjenneteikna av at kunden må vere personleg til stades
- turisme, butikkhandel og personlege tenester
- innbyggjarar og besøkjande er kundar hos besøksnæringane

Regionale næringar

- består av bransjar som både har anna næringsliv, offentlige institusjonar og innbyggjarane som kundar, og som primært rettar seg mot ein regional marknad
- bygg og anlegg, transport og forretningsmessig tenesteyting


Lokale næringar og kommune

- kommuneale tenester og næringsliv som leverer tenester til innbyggjarane og som substituerer tenester frå offentleg sektor, t.d. barnehagar, skular, primærhelsetenester og renovasjon
- er som regel ein funksjon av veksten i folketal


Arbeidsplassutvikling Norge

- I Norge er det dei regionale næringane som er størst. Deretter kjem basisnæringane og kommunal sektor/lokale næringer. Offentleg sektor har hatt høgast arbeidsplassvekst.
- I privat sektor er det dei regionale næringane som har vokse mest.
- Talet på arbeidsplassar i besøksnæringane har vokse med 13,8 prosent sidan 2000, men det har ikkje vore vekst etter finanskrisa.
- Basisnæringane har hatt lågast vekst. Arbeidsplassutviklinga i denne næringstypen har svinga mykje.

Status for 2013




Indeksert arbeidsplassutvikling i Norge frå 2000 til 2013. Talet på arbeidsplassar i 2000 er sett til å vere lik 100.




Arbeidsplassutvikling Storkommune

- Basisnæringane er litt mindre enn i landet som heilskap. Næringstypen har mista 17,6 prosent av arbeidsplassane sidan 2000. På landsbasis har næringstypen vakse med 3,6 prosent.
- Besøksnæringane er omtrent like store som på landsbasis, men arbeidsplassveksten har berre vore halvparten så stor som i landet totalt sett.

Status for 2013




Indeksert arbeidsplassutvikling frå 2000 til 2013




Arbeidsplassutvikling SiS

- Basisnæringa er liten og har mista mange arbeidsplasser sidan 2000.
- Fylkeskommunal og statlig sektor er ganske stor, og veksten har vore sterk sidan 2000 – sterkare enn i landet totalt sett.

Status for 2013




Indeksert arbeidsplassutvikling frå 2000 til 2013




Arbeidsplassutvikling «Liten SiS»

- Basisnæringane er små samanlikna med landet som heilskap.
- Basisnæringane har også hatt kraftig arbeidsplassnedgang.
- Besøksnæringane er større enn i landet som heilskap, og veksten har vore neste like høg som i Norge.
- Fylkeskommunal og statlig sektor er stor, og veksten har vore høgare enn veksten på landsbasis.
- «Liten SiS» har netto innpendling.

Status for 2013




Indeksert arbeidsplassutvikling frå 2000 til 2013




Arbeidsplassutvikling HAFS

- Basisnæringane er store, større enn i landet totalt sett, men næringstypen har hatt kraftig nedgang sidan 2000.
- Også fylkeskommunal og statlig sektor har hatt arbeidsplassnedgang, til tross for sterk vekst nasjonalt. Disse sektorane er små i HAFS.
- Dei regionale næringane er også små samanlikna med landsgjennomsnittet, og veksten har vært svakare enn veksten i landet totalt sett.
- Kommunal sektor/lokal næringer er relativt store i HAFS.

Status for 2013



Indeksert arbeidsplassutvikling frå 2000 til 2013



Kapittel 2

Utgreiing 1: Storkommune - utfordringar og moglegheiter

Føremålet med denne delrapporten er å utgreie kvifor ein eventuelt skal gjennomføre ei kommunesamanslåing. Vi ser mellom anna nærare på om ei kommunesamanslåing føre til:

- ei meir heilskapleg og langsiktig planlegging og utvikling som kjem heile kommunen til gode***
- at kommunane kan spele ei sterkare og meir slagkraftig rolle som utviklingsaktør***

Utvikling av arbeidsregion

<i>Utviklingstrekk</i>	<ul style="list-style-type: none">• Regionen har ein sterk offentlig sektor (spesielt Storkommune, SiS og liten SiS).<ul style="list-style-type: none">• Dette er ein styrke med omsyn til å skaffe arbeidsplassar for to, og med omsyn til å utvikle sterke kunnskapsmiljø med brei representasjon frå ulike fagprofesjonar.• Basisnæringane vert rekna som motoren i næringslivet. Tilbakegangen i basisnæringane i alle alternativ er derfor ein stor trussel for regionen og dette indikerer eit behov for å auke innovasjonstakta i næringslivet.
<i>Moglege konsekvensar av større kommune-einingar</i>	<ul style="list-style-type: none">• Ein større kommune kan truleg i større grad vere ein støttespelar i utviklinga av næringslivet gjennom å:<ul style="list-style-type: none">• utvikle ein heilskapleg næringsstrategi tufta på næringsmessige og naturgitte fortrinn i regionen.• legge til rette for partnarskap mellom næringsliv, offentlig sektor og kunnskapsmiljø.• ha meir ressursar og kompetanse til å ivareta plan og utviklingsoppgåvene i kommunen• ha meir ressursar og kompetanse til å gjennomføre næringsutviklingsarbeid

Utvikling av buregion

<i>Utviklingstrekk</i>	<ul style="list-style-type: none">• Positiv fødselsbalanse i Storkommune og dei to SIS-alternativa er ein styrke• Innvandring bidreg mest til positiv folketalsutvikling, og satsing på gode integreringstiltak er viktig• Den innanlandske flyttinga er negativ.• Regionen er mangfaldig. Utvikling og marknadsføring av attraktive bu-, jobb- og skuletilbod i sentrumsnære og meir grisgrendte område vil vere viktig for å trekke til seg ulike målgrupper innbyggjarar.• Pendlaravstand kan for delar av regionen vere ei utfordring.
<i>Moglege konsekvensar av større kommune-einingar</i>	<ul style="list-style-type: none">• Ein kan truleg få betre heilskapleg planar og tiltak for å styrke buregionen:<ul style="list-style-type: none">• Framleis fokusere på tilrettelegging av gode kommunale og offentlege tenester (skule, barnehage, VGS og høgskule)• Utvikle varierte og attraktive bustadfelt• Utvikle større miljø med vekst som skaper større moglegheiter for tilflyttarar (både på arbeidsmarknaden og i bustadmarknaden)• Satse på gode veg og kystsamband.

Utvikling av infrastruktur

<i>Utviklingstrekk</i>	<ul style="list-style-type: none">• Reiseavstandane er korte mellom kommunane i liten SiS, medan avstandane og standard på vegane er gjennomgåande svakare i HAFS. Pendlingsmønsteret speglar også dette.• Kollektivtilbodet er gjennomgåande svakt samanlikna med område der folketalet er høgare.• Regionen har eit godt skuletilbod frå grunnskule til høgskule.
<i>Moglege konsekvensar av større kommune-einingar</i>	<p>Ei større kommuneeining vil kunne gje følgjande moglegheiter for utvikling av infrastrukturen:</p> <ul style="list-style-type: none">• Meir heilskapleg arealplanlegging vil kunne skape både betre bustadområde og betre industriområde.• Vil kunne få større gjennomslag for å fjerne flaskehalsar innanfor samferdsle og kommunikasjon• Vil kunne få større gjennomslag for å bevare og utvikle utdanningstilboda

Utvikling av samfunnsutviklings- og næringsapparatet

<i>Utviklingstrekk</i>	Det er ein styrke at ein allereie har interkommunale samarbeid om næringsapparatet, felles planar for regional utvikling og næringsforeiningar som til dels jobbar på tvers av geografiske grenser.
<i>Moglege konsekvensar av større kommune-einingar</i>	<p>Ei større kommune-eining vil kunne gje følgjande <i>moglegheiter</i> for styrke samfunns- og næringsutviklinga:</p> <ul style="list-style-type: none">• Den største moglegheita ligg i å utvikle ein heilskapleg strategi tufta på næringsmessige og naturgitte fortrinn i regionen. Dette blir viktig for å styrke basisnæringane i regionen.• Kapasitet og kompetanse i dagens organisasjonar gjer det muleg å utvikle ei sterk og koordinert nærings- og samfunnsavdeling. Viktige oppgåver vil vere å:<ul style="list-style-type: none">• utvikle eit sterkt verkemiddelapparat,• ei sterk plan avdeling,• bli ein god samarbeidspart for skule/næringsliv.• storkommunealternativet med rundt 50 000 innbyggjarar kan også verte ein synleg aktør på landsbasis. <p>Ei større kommune-eining vil kunne gje følgjande <i>truslar</i> som kan svekke samfunns- og næringsutviklinga:</p> <ul style="list-style-type: none">• viktig av å bevare engasjementet til innbyggjarane for å utvikle sine lokalsamfunn. Det er ein trussel at ein ikkje lukkast i å gjennomføre gode omstillingsprosessar som i tilstrekkelig grad tek omsyn til lokale tilhøve, og at ein såleis ikkje lukkast i å ta ut vinstane som kan ligge i heilskaplege strategiar og sterke kompetansemiljø.

Kriterium for vurdering av kommunane som samfunns- og næringsutviklar

Ekspertutvalet har definert kriterium som skal ivareta kommunen sin funksjon som samfunnsutviklar:

Kriteria	Vurdert ut frå forhold omtalt i ekspertutvalet
Funksjonelle samfunns-utviklings-område	<ul style="list-style-type: none">• Inndeling i bu- og arbeidsmarknadsregionar<ul style="list-style-type: none">• ekspertutvalet har i sin delrapport nummer to sagt at arbeidsmarknaden er tett integrert når rundt 25 % eller fleire av dei sysselsette som er busett i ein kommune jobbar i regionen sine senterkommunar. Ekspertutvalet seier vidare at ein tett integrert arbeidsmarknad bør utgjere ein kommune.• Pendlingsdata mellom kommunane og reiseavstandar mellom kommunane• Planlagde/snart realiserte samferdselsinvesteringar• Om det vil det verte eit klart definert kommunesenter i ein ny kommune, eller om ein kan risikere at det blir diskusjon og intern kamp om kvar kommunesenteret skal vere.
2. Tilstrekkelig kapasitet og kompetanse	<ul style="list-style-type: none">• Talet på innbyggjarar vil ha betydning for storleiken på kommuneorganisasjonen. Ekspertutvalet meiner at kommunen bør ha 15 000 til 20 000 innbyggjarar for å ha tilstrekkelig kapasitet til arealplanlegging og ei robust kommunal samfunnsavdeling. Befolkningsgrunnlag inngår difor i vurderinga.• Alder på kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel• I tillegg har innspel i prosjekt- og arbeidsgruppa og dokumentstudiar (strategiske næringsanalysar og næringsplanar for kommunane) inngått i grunnlaget for vurdering av om kommunane har kapasitet og kompetanse til å drive nærings- og samfunnsutvikling, samt eventuelle utfordringar med å rekruttere kompetent personell.
3. Næringsstruktur	<ul style="list-style-type: none">• Korleis næringsstrukturen blir i alternativ med ein større kommune.• Dersom næringslivet vert meir variert vert det sett på som ein fordel

Fargekode	Svært god effekt av å slå seg saman	God effekt av å slå seg saman	Noko effekt av å slå seg saman	Liten effekt / innfrir ikkje krava ved å slå seg saman
-----------	-------------------------------------	-------------------------------	--------------------------------	--

Vurdering

Kriterium	Stor kommune	SiS	Liten SiS	HAFS
Funksjonelle samfunns-utviklingsområde	<ul style="list-style-type: none"> Godt integrert arbeidsmarknad i deler av regionen (liten SIS) Store reiseavstandar i deler av regionen Førde naturleg kommunesenter, men kan bli rivalisering 	<ul style="list-style-type: none"> Godt integrert arbeidsmarknad i deler av regionen (liten SIS) Lite integrert med Flora som arbeidsmarknad Førde naturleg kommunesenter, men kan bli rivalisering 	<ul style="list-style-type: none"> Sterkt integret region, over 25 % jobbar i Førde Små reiseavstandar Førde som naturleg kommunesenter 	<ul style="list-style-type: none"> Lite integrert arbeidsmarknad, noko som kan endre seg som følge av Dalsfjordbrua. Har tradisjon for å arbeide saman for å realisere prosjekt.
Tilstrekkelig kompetanse og kapasitet	<ul style="list-style-type: none"> 46.300 innbyggjarar Blir ein stor kommune som kan bygge opp kapasitet og kompetanse 	<ul style="list-style-type: none"> 33.400 innbyggjarar Blir ein mellomstor kommune som kan bygge opp kapasitet og kompetanse 	<ul style="list-style-type: none"> 21 500 innbyggjarar Blir i nasjonal målestokk ein «normal» kommune over minstekravet på 15.000 innbyggjarar 	<ul style="list-style-type: none"> 8000 innbyggjarar, forventa svak nedgang fram mot 2040 Før liten kommune etter krava.
Næringsstruktur	<ul style="list-style-type: none"> Får større breidde i næringsstrukturen. Mindre sårbar både for nedgang i offentleg sektor og privat sektor. 	<ul style="list-style-type: none"> Får større breidde i næringsstrukturen Mindre sårbar både for nedgang i offentleg sektor og privat sektor. 	<ul style="list-style-type: none"> Vil få noko større breidde i næringslivet, men det er avgrensa sidan mange i Gaular, Jølster og Naustdal pendlar til Førde. 	<ul style="list-style-type: none"> Vil få større breidde i næringslivet

Kapittel 3

Utgreiing 2: Politisk og administrativ organisering

Føremålet med denne delrapporten er å utgreie korleis den nye kommunen kan organiserast. Vi vurderer følgjande:

- *politisk organisering,*
- *administrativ organisering,*
- *organisering av tenesteområde,*
- *konsekvensar for interkommunalt samarbeid og*
- *kva som bør vere kommunesenter for dei ulike alternativa*

Vurderingar av nærdemokratiske ordningar

Positive sider	Negative sider
<ul style="list-style-type: none">• Representasjon i breidde og djupne• Legitimerer politiske prosessar• Nærleik til problemstillingar	<ul style="list-style-type: none">• Konserverer gamle grenser• Krev mykje administrasjon• Kostnadskrevjande

Vurdering

- Ein bør ha rådgjevande organ som nærdemokratisk ordning. Dersom kommunedelutvala vert høyrings- og dialogpartner vil dette styrke lokaldemokratiet.
- Behovet for nærdemokratiske ordningar vert større til fleire kommunar som vert med i ein ny kommune.
- Innbyggjarar og politikarar vil vere opptekne av representasjon frå dei tidlegare kommunane. Ein bør derfor sikre ein storleik på kommunestyret som kan legge til rette for brei representasjon. Dette må då eventuelt kombinerast med at partia brukar kumulering som sikrar slik representasjon.
- Ein bør ha maksimalt eit utval for kvar av dei tidlegare kommunane, og ikkje utval for dei ulike bygdene / grendene.
- Det bør ikkje vere direkte val på representantar i kommunedelutval.

Oppsummering – politisk organisering

	Stor kommune	SiS	Liten SiS	HAFS
Kommunedelutval?	Kan vere aktuelt	Kan vere aktuelt	Mindre aktuelt	Mindre aktuelt
Kva form for utval bør ein ha	Hovudsakleg rådgjevande	Hovudsakleg rådgjevande	Hovudsakleg rådgjevande	Hovudsakleg rådgjevande
Kva kan delegerast	Lokale vel tiltak	Lokale vel tiltak	Lokale vel tiltak	Lokale vel tiltak
Dersom høyringsorgan kva tema	Plan- og reguleringssaker, trafikkikkerheit, tenestestruktur og lokale saker	Plan- og reguleringssaker, trafikkikkerheit, tenestestruktur og lokale saker	Plan- og reguleringssaker, trafikkikkerheit, tenestestruktur og lokale saker	Plan- og reguleringssaker, trafikkikkerheit, tenestestruktur og lokale saker
Kor mange utval bør ein ha	9 (ein for kva kommune)	5 (ein for kvar kommune)	4 (ein for kvar kommune)	4 (ein for kvar kommune)
Direkte val på representantar	Nei	Nei	Nei	Nei
Administrasjon knytt til Kommunedelutval	Ja	Ja	Mindre aktuelt	Mindre aktuelt
Min. tal kommunestyrerep.	27	27	27	19
Forslag - kommunestyre storleik	45	41	35	27
Maks tal førehandskumulerte på partilistene	6	6	6	6

Vurderingar av administrativ organisering

Geografisk funksjonsfordeling

Positive sider	Negative sider
<ul style="list-style-type: none">• Behalde arbeidsplassar lokalt• Kan få samla funksjonar i store fagmiljø med spiss- og djupnekompetanse	<ul style="list-style-type: none">• Meir fragmentert organisasjon• Negative konsekvensar for rekruttering• Kan miste kompetanse i overgangsfasa• Kan verte store avstandar til publikum

Vurdering geografisk funksjonsdeling:

Ulempene med geografisk funksjonsdeling er såpass store at ein skal vere svært varsame med å innføre dette i ein ny kommune. Geografisk funksjonsdeling vil derfor bli vanskeleg å grunngje både overfor tilsette og innbyggjarar.

Behovet for geografisk funksjonsdeling må sjåast opp mot bruken av desentraliserte rådhusfunksjonar. Til meir ein bruker ordninga med desentraliserte rådhusfunksjoner til mindre aktuelt er det å bruke geografisk funksjonsdeling.

Desentraliserte rådhusfunksjonar

Positive sider	Negative sider
<ul style="list-style-type: none">• Breiare rekruttering• Mindre pendling	<ul style="list-style-type: none">• Mindre samkøyrte organisasjon med større styringsspenn• Kan få «subkulturar» som basert på gamle kommunegrense

Vurdering desentraliserte rådhusfunksjonar:

Tilsette som ynskjer å ha sin arbeidsplass nærare bustaden bør kunne få høve til å ha sin primære arbeidsplass samlokalisert med servicetorget som er nærast heimlassen.

Dette vil krevje at det vert lagt godt til rette med moderne IT løysingar og med overføring av bilde og lyd. Dette vil krevje visse investeringar. Vidare vil det vere viktig at ein også er tilstade i kontorfellesskap med dei andre innanfor sitt fagområde definerte dagar per veke/månad.

Hovudårsaka til at vi meiner slike løysingar vil vere gode er at ein slik fleksibilitet for dei tilsette vil kunne sikre rekruttering og dermed vere med på å bygge sterkare kompetansemiljø i den nye kommunen.

Vurderingar av administrativ organisering

Servicetorg:

Positive sider	Negative sider
<ul style="list-style-type: none">• Nærleik til innbygarane• Koordineringsrolle opp mot kommunedelutval	<ul style="list-style-type: none">• Ressurskrevjande• Større styringsspenn i organisasjonen

Vurdering:

Det vil vere fornuftig å opprette servicetorg i eit kontorfellesskap der det også sit medarbeidarar som har sentraliserte oppgåver, men som vel å arbeide desentralt.

I eit slikt kontorfellesskap er det også naturleg at det er videokonferanseutstyr der innbygarane kan ha møte med personale som sit andre stader i kommunen. Eit døme på dette kan vere at ein innbygger med ei byggesak kan ha møte om byggesaka per videokonferanse med sakshandsamaren. På denne måten kan servicetorget vere eit kontaktpunkt for innbygarane der dei kan få hjelp med dei fleste spørsmål.

I tillegg bør det i servicetorget også vere tilsett ein «*samfunnskontakt*» som har det som ein del av stillinga si å vere eit bindeledd mellom kommunedelutval og kommunen sentralt.

Også frivillige lag og organisasjonar og andre aktørar har i dag utstrakt kontakt med kommunane om ulike utviklingstiltak i sine lokalmiljø. Med ein storkommune kan avstanden mellom kommunen og desse lokale aktørane bli opplevd som større enn tidlegare. Den som er tilsett som «*samfunnskontakt*» bør også ha som oppgåve å vere eit kontaktpunkt for frivillige lag og organisasjonar og andre interessentar i lokalsamfunna.

Oppsummering – administrativ organisering

	Stor kommune	SiS	Liten SiS	HAFS
Geografisk funksjonsdeling	Mindre aktuelt	Mindre aktuelt	Mindre aktuelt	Mindre aktuelt
Kva funksjonar kan ha geografisk funksjonsdeling	Om ein vel å gå for dette er det viktig å avgrense dette til fagmiljø med hovudsakleg interne oppgåver. Døme kan vere IT driftsmiljø, revisjon, rekneskap og løn m.m.	Om ein vel å gå for dette er det viktig å avgrense dette til fagmiljø med hovudsakleg interne oppgåver. Døme kan vere IT driftsmiljø, revisjon, rekneskap og løn m.m.	Om ein vel å gå for dette er det viktig å avgrense dette til fagmiljø med hovudsakleg interne oppgåver. Døme kan vere IT driftsmiljø, revisjon, rekneskap og løn m.m.	Om ein vel å gå for dette er det viktig å avgrense dette til fagmiljø med hovudsakleg interne oppgåver. Døme kan vere IT driftsmiljø, revisjon, rekneskap og løn m.m.
Desentraliserte rådhusoppgåver	Ja	Ja	Mindre aktuelt	Ja (spesielt for Solund)
Servicetorg	Ja	Ja	Mindre aktuelt	Ja (spesielt for Solund)

Vurderingar av endringar i tenesteproduksjon og tenestestruktur

Opplistinga under viser døme på tenester som ikkje bør endrast som følgje av reforma og kva tenester som kan endrast:

Ikkje endre	Vurdere å endre
Skule	Rehabilitering
Barnehagar	Psykiatri
Helse og omsorg	Rusbehandling
Legekontor	Oppmåling og byggesak
Kulturtilbod	Næring og landbruk
Brannvern/ beredskap	Reguleringsplanarbeid

Vurdering:

Dei fleste tenestene vil vere uendra som følgje av ei eventuell kommunesamanslåing.

Der det er aktuelt å endre tenestene vil det bli gjort for å styrke fagmiljøa og dermed kunne yte betre tenester

- Ein del av kriteria til ekspertutvalet kan vere ei rettesnor for kva tenester dette gjeld.
- Der ein kan bli betre med omsyn til kapasitet, relevant kompetanse, tilstrekkeleg distanse og effektiv tenesteproduksjon bør ein vurdere å samle tenestene i større miljø.
- Mange av tenestene er av ein slik karakter at dei skal ytast ute hjå brukarane, men det kan vere naturleg å samle dei under ei felles leiging i eit miljø. Døme på dette kan vere PPT der dei tilsette vil vere mykje ute i skulemiljøa og brannvern som må ha beredskap og mannskap ute i ulike delar av kommunen.

Det er vår vurdering at det ikkje er nokon skilnad i behovet for å endre tenestestrukturen med dei ulike alternativa for kommunesamanslåing.

Dei seinare åra har kommunane etablert stadig nye interkommunale samarbeid. Dei interkommunale samarbeida viser det store behovet det har vore for å samarbeide om meir spesialisert tenesteyting.

Vurdering av konsekvensar for interkommunalt samarbeid

Vurdering av positive og negative sider med interkommunalt samarbeid

Positive sider	Negative sider
Effektiv og rasjonell drift	Tidstjuv i forhold til leiing
Fagmiljø	Krevjande å etablere
Økonomi	Mindre politisk styring (avhengig av samarbeidsform)
Breiare fagkompetanse	Avgrensa handlerom for den enkelte kommune
Klarer å løyse oppgåver ein elles ikkje ville ha klart å løyse	

Vurdering:

Dei seinare åra har det kome til stadig nye interkommunale samarbeid. Årsaka til dette er at med dagens kommunestruktur har interkommunalt samarbeid gitt meir rasjonell drift og betre tenester.

Omfanget av interkommunalt samarbeid viser også at det er behov for å vurdere kommunestrukturen. Dei interkommunale samarbeida legg beslag på mykje tid hjå både politisk og administrativ leiing og ordningane medfører at det vert mindre politisk styring i kommunane.

I delrapport 2 er det vist ein oversikt over alle interkommunale samarbeid som kommunane er med i. Oversikten inneheld og ei oversikt over kor mange samarbeida som er avgrensa til kommunane som vurderer samanslåing. I Storkommune alternativet er det 13 samarbeid som er innanfor Storkommunealternativet, og som såleis vil bli avvikla som interkommunalt samarbeid. Der er 14 samarbeid som har med kommunar som ikkje er med i alternativet. For desse 14 samarbeida må kommunane vurdere om ein vil avvikle samarbeidet eller halde fram samarbeidet. Avviklar ein samarbeidet vil dette også få konsekvensar for andre kommunar som då må løyse oppgåvene sine sjølv eller saman med andre.

Vurdering av kommunesenter

Rådhusfunksjonar:

Minimumsnivået på rådhusfunksjonar bør vere:

Rådhusfunksjonar
Rådmann
Kommunalsjefar
Økonomisjef og personalsjef
Plan og utviklingsavdeling

Kommunesenter

Vurderinga av kva som bør vere kommunesenter er:

Alternativ	
Storkommune	Førde
SiS	Førde
Liten SiS	Førde
HAFS	Dale

Grunnen for å velje Førde i tre av alternativa ligg ei vurdering av kva som er det naturleg geografiske knutepunktet i regionen. I tillegg har Førde over mange år blitt eit naturleg handels- og servicesenter i regionen.

Til grunn for å velje Dale i HAFS alternativet ligg ei vurdering av kva som er det naturleg geografiske knutepunktet i regionen.

Kapittel 4

Utgreiing 3: Analyse og kartlegging innan økonomi

Føremålet med denne delrapporten er å utgreie dei økonomiske konsekvensane ved ei kommunesamanslåing. I rapporten vil ein difor søkje å svare på følgjande hovudspørsmål:

- Kva er status for kommuneøkonomien i dag og kva vil status i kommuneøkonomien vere når ein nærmar seg tidspunkt for ei eventuell samanslåing***
- Korleis blir rammeoverføringane påverka ved ei kommunesamanslåing og kva eingongsstønader vil kommunane få***
- Kva er effektiviseringspotensialet i høve administrasjon og tenesteproduksjon***

Status i dag og utsiktene framover til 2020

Status i dag - Rekneskapen 2014:

	Flora	Naustdal	Gaular	Førde	Jølster	Gloppen	Solund	Hyllestad	Fjaler	Askvoll	Landet utan Oslo
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,7 %	1,6%	0,8%	0,2 %	-0,5 %	-1,2%	-2,8 %	3,7 %	0,7 %	2,6 %	1,1 %
Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforplikting	122,9 %	95,8%	78,0%	136,6 %	95,1 %	74,2%	70,2 %	97,1 %	70,5 %	88,2 %	90,9 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	81 832	80 228	65 867	88 303	73 801	61 654	64 132	86 885	54 283	66 619	49 741

Utsikter framover til 2020 – økonomiplan 2015 -2018:

		Stor-kommune	SiS	Liten SiS	HAFS
Lånegjeld per innbygger	Høgast	115.870	115.870	115.870	100.165
	Lågast	66.130	66.130	66.130	70.690
	Forskjell	50.260	50.260	50.260	29.475
Disp fond per innbygger	Høgast	5.452	5.452	5.452	4.626
	Lågast	0	0	0	1875
	Forskjell	5.452	5.452	5.452	2.751
Ubunde investeringsfond per innb	Høgast	8.185	4.921	4.921	8.185
	Lågast	0	0	0	140
	Forskjell	8.185	4.921	4.921	8.045

Er forskjellane så store at det bør få konsekvensar for samanslåing?

- Vi har ikkje grunnlag for å trekke slike konklusjonar ut frå det talgrunnlaget ein har samla inn gjennom økonomiplanane.
 - Årsaka til dette er at økonomiplanane ikkje seier noko om kva vedlikehalds- og investeringsbehov kommunane har etter 2020.
- I tillegg eig kommunane ulikt i ulike selskap og har også andre eigendelar som har ein verkeleg verdi som kan vere høgare enn bokført verdi.
 - Døme på dette er eigarskap i energiverk.
 - Vi kan også nemne at til dømes Gloppen kommune eig kraftstasjonane i Gloppeelva. Vi har i denne utgreiinga ikkje vurdert verdien av slike eigendelar.
- Eit anna spørsmål er om kommunane som er med i diskusjonen om kommunesamanslåing skal avtale ein slags «handlingsregel» i tida fram til kommunesamanslåing.

Oppsummering effekt på årlege frie inntekter ved ei kommunesamanslåing

Alt.	År 1-15		Etter år 20	
	I mill. kr	I % av brutto driftsinntekter	I mill. kr	I % av brutto driftsinntekter
Storkommune	-3,3	-0,1 %	-144,2	-3,8 %
SiS	-2,1	-0,1 %	-69,9	-2,6 %
Liten SiS	-3,5	-0,2 %	-58,4	-3,5 %
HAFS	19,1	2,7 %	-32,4	-4,5 %

Oversikten over viser utviklinga i frie inntekter år 1-15 etter samanslåinga og deretter etter 20 år.

- I dei første 15 åra vil Storkommune, SiS og Liten SiS samla sett få omlag like mykje inntekter som dei har i dag. HAFS vil få noko auka inntekter.
- Etter 15 år vil ein gradvis tape inntekter og etter 20 år vil inntektsgrunnlaget vere redusert med frå 2,6 % av brutto driftsinntekt til 4,5 % av brutto driftsinntekt.
- I utgangspunktet er dette eit stort inntektsbortfall, men ein bør også ta omsyn til:
 - 20 år er ein lang tidshorisont og det er vanskeleg å samanlikne dagens inntektsnivå med det inntektsnivået ein vil få om 20 år.
 - Ein må i denne samanheng hugse på at kommunane vil få eit nytt inntektssystem som truleg vil gje mindre tilskot til mindre kommunar som kan slå seg saman med andre kommunar.
 - Vi viser til nærare informasjon om dette i del rapport 3.

Reformstøtte og eingongskostnader

Reformstøtte

Det vert ikkje lagt opp til ein modell der støtte til infrastrukturtiltak vert knytt opp til kommunesamanslåinga, men den nye kommunen får ei reformstøtte som kan nyttast til det kommunen sjølv ser som mest tenleg.

Eingongsstøtte:

Staten vil dekke nødvendige eingongskostnader ved samanslåinga etter ein standardisert modell

For dei fire utgreiingsalternativa vil eingongsstøtta bli slik:

Alt.	Innbyggartal (1.1.2015)	Eingongskostnader (1000 kr)	Reformstøtte (1000 kr)	Totalt (1000 kr)	I % av dagens brutto driftsinntekter
Storkommune	46 413	55 000	25 000	80 000	2,1 %
SiS	33 426	55 000	25 000	80 000	3,0 %
Liten SiS	21 564	45 000	20 000	65 000	3,9 %
HAFS	8 036	40 000	5 000	45 000	6,3 %

Oppsummering mogelege effektiviseringsvinstar på administrasjon

Alt.	Innbyggartal (2014)	Mogeleg effektiviseringsvinst på administrasjon per år		
		Lågast i dag (mill.)	Samanliknbare kommunar (mill.)	I % av brutto driftsinntekter (basert på lågast i dag)
Stor-kommune	46 187	63	86-118	1,7 %
SiS	33 238	31	45-70	1,1 %
Liten SiS	21 459	24	33-50	1,4 %
HAFS	8 070	13	24-28	1,8 %

Oversikten over viser innsparingspotensial administrasjon. For storkommune, SiS og liten SiS er dette Førde. Medan det for HAFS er Askvoll. Samanliknbare kommunar viser innsparing dersom ein klarer å redusere administrasjonskostnaden til eit nivå som samanliknbare kommunar i storleik har i dag. I rapporten har vi såleis ikkje konkret vurdert kva kommunane kan spare, men samanlikna med andre kommunar av tilsvarende storleik. Dette er såleis meir ein illustrasjon enn ei konkret vurdering av innsparingspotensialet. Vår vurdering er:

- Det bør vere realistisk å hente ut effektivisering tilsvarende den kommunen i samanslåinga som har lågast kostnad per innbyggjar i dag.
- Om ein klarer dette vil alle kommunane dei første 15 åra få romslegare økonomi når ein tek omsyn til rammeoverføringane.
- Frå år 15 vil alle kommunane få strammare økonomi. Ein må då hugse at ein samanliknar med dagens nivå på rammeoverføringar. Vi har tidlegare vore inne på at dei minste kommunane truleg vil få reduserte inntekter med nytt inntektssystem.

Oppsummering økonomi

For å berekne økonomiske konsekvensar av kommunesamanslåing har vi bl.a. fokusert på endringane over inntektssystemet. Vidare har vi sett på potensialet for innsparing og mogelege stordriftsfordelar knytt til administrasjon.

Tabellen under oppsummerer effektberekningane. Utslaga er vist i % av sum driftsinntekter for aktuelle kommunar.

Alternativ	Storkommune	SiS	Liten SiS	HAFS
Effekt frie inntekter år 1-15 (Årleg)	-0,1 %	-0,1 %	-0,2 %	2,7 %
Effekt frie inntekter etter år 20 (Årleg)	-3,8 %	-2,6 %	-3,5 %	-4,5 %
Effektiviseringsvinst administrasjon (Årleg)	1,7 %	1,1 %	1,4 %	1,8 %
Sum år 2-15 med effektivisering administrasjon	1,6 %	1,0 %	1,2 %	4,50 %
Sum etter år 20 med effektiviseringsvinst adm.	-2,1 %	-1,5 %	-2,1 %	-2,7%

Det vil truleg også vere grunnlag for å hente ut innsparingar innanfor tenesteproduksjon gjennom koordinering og samordning. Ein har illustrert dette i hovudrapporten, men ikkje teke inn dette i denne presentasjonen då effektane er usikre.

Tabellen over viser at ein for alle alternativa vil få betra den økonomiske situasjonen i år 1 til 15 dersom ein klarer å realisere innsparing i administrasjon. Etter år 15 vil ein i alle alternativa måtte hente ut ytterlegare innsparing i administrasjon eller effektivisere tenesteproduksjonen. Vi vil understreke at vi då samanliknar med den økonomiske situasjonen i dag. Nytt inntektssystem vil truleg gjere at mindre kommunar som vel å stå utanfor samarbeid vil få reduserte inntekter.

Andre økonomiske effektar

- Generelt kan det ventast at andre statstilskot og øyremarka tilskot, samt landbrukstilskot, vil vere samanslåingsnøytrale.
- Ei samanslåing vil også reise problemstillingar avhengig av om kommunane ligg i ulike soner når det gjeld arbeidsgjevaravgiftssats og distriktspolitisk verkeområde. Ein samanslegen kommune kan få kompensert eventuelt høgare arbeidsgjevaravgift. Regjeringa vil kome med nærare avklaring.
- Kommunane har ulikt nivå på eigedomskatt og gebyr. Det vil vere naturleg at dette i ein ny kommune vil bli harmonisert
- Nokre kommunar har konsesjonskraftinntekter. Ingen av kommunane fører over konsesjonskraft til fylkeskommunen så samla konsesjonskraftinntekt vil ikkje auke med ny kommunestruktur.
- Uavhengig av kommunestruktur, vil kommunane få auka kostnader som følgje av den demografiske utviklinga. Dette vil føre til auka rammeoverføringar. Hovudårsaka er fleire eldre innbyggjarar. Ut frå metoden for tildeling av rammeløyving i dag vil kostnadsbehovet til kommunane i 2030 auke med
 - 362 mill i Storkommune eller 9,6 % i prosent av dagens brutto driftsinntekter
 - 249 mill i SiS eller 9,3 i prosent av dagens brutto driftsinntekter
 - 183 mill i liten SiS eller 8,5 % i prosent av dagens brutto driftsinntekter
 - 77,8 mill i HAFS eller 10,8 % i prosent av dagens brutto driftsinntekter